



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 08.10.2021

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 08.10.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Ellinor Austreim, Kari Henny Dale, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Sissel Sørebo, Frode Merkesvik, Andreas Ester.

Meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Kenneth Førde, Tonje Førde Systad

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Aud Kjersti Haugen, Toril Børkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, sakliste og møtebok vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

047 Soknepresten har ei kort andakt

Soknepresten heldt ei kort andakt om at Ordet er oss nær, i munn og i vårt hjarte.

048 Rekneskapsrapport

Oppdatert rekneskapsrapport vart gjennomgått i møtet.

049 Taklekkasje i Lavik kyrkje

Det har vore synfaring, og lekkasjen er funnen. Arbeidet er utført.

050 Tariffoppgjeret 2021

Det framforhandla resultatet er no godkjent, og vert sett i verk med reguleringsdato 1. mai 2021.

Vedtaksaker

Sak 016/21 Kontraktsinngåing for kyrkjekontor på Samfunnshuset

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd godkjenner leigeavtalen med eit par presiseringar som gjeld arealet. Dette går fram av vedlegg 1. Avtalen er dermed klar til underskriving.

Sak 017/21 Framtida til Lavik kyrkjekontor

I kyrkjeverja si saksutgreiing vart det gjort framlegg om at Lavik kyrkjekontor bør leggjast ned, pga redusert framtidig bruk, og for å spare kostnader.

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellestråd utset saka til Lavik sokneråd har handsama spørsmålet, og gjeve uttale i saka.

Sak 018/21 Lønsregulering kyrkjeverje – oppnemning av forhandlingsutval

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellestråd oppnemner May-Wenche Fossmark, Frode Merkesvik og Sturla Bell Fossen som fellestrådet sitt forhandlingsutval. Dei får i oppgåve å skaffe seg full oversikt over stillingsinnhaldet i kyrkjeverjestillinga, for å finne det naturlege nivået som skal leggjast til grunn i framtidige lønsforhandlingar, Ref protokoll og protokolltilførsel datert 29.08.2019.

Dei får også fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar med kyrkjeverja og hans organisasjon Lederne. Resultatet frå forhandlingane skal leggjast fram for fellestrådet til godkjenning i fellestrådet sitt møte 02.12.2021.

Sak 019/21 Budsjett 2022

Høyanger kyrkjelege fellestråd har handsama kyrkjeverja sitt budsjettframlegg for 2022. Det er sett opp i samsvar med Høyanger kommune sitt budsjetttrundskriv, samt KLP sin prognose for pensjonskostnader. Det er lagt inn lønsvekst på 3%, pensjonskostnader på 15,5% og arbeidsgjevaravgift på 10,6%.

Budsjettet tek sikte på at det skal haldast det tal gudstenester som biskopen forordnar, og at vi skal oppretthalde dei kyrkjelege handlingane og aktivitetane som rettar seg mot barn, unge, vaksne og eldre, inkludert andakter på sjukeheimane. Det er derfor budsjettert med tilsetjing av ny kyrkjelydspedagog/kateket etter at noverande kyrkjelydspedagog går av med pensjon i 2021. Dette er ei stilling med statstilskot, og med 25% lønsrefusjon frå samarbeidseininga Gaular.

Festeavgiftene er budsjettert med kr. 440 000. Det er sett av kr. 100 000 til vedlikehald av kyrkjer, herav 50 000 til service og vedlikehald av orgel. På gravplassane er det sett av kr. 120 000 til oppmåling og digitalisering av gravkart.

Vedtak:

På denne bakgrunn søker Høyanger kyrkjelege fellestråd om ei kommunal løyving for 2022 på kr. 4 345 000. Dette er ein auke på kr. 70 000, som utgjer 1,64%.

For Høyanger kyrkjelege fellestråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje